



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for mars 2009.

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713



Årgang 44

<http://www.hareid.rotary.no>



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Johan Ole Brandal  
Visepres: Oddvar Haugen  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Åge Nytun  
Styremedlem: Magnar Hatløy  
Styremedlem: Vigdis Riise  
Ansv.red.: Jostein Strand  
Referent: Jostein Strand

## Fødselsdagar i mars.

Svein Johs. Flø	01. mars
Jarle Klungsøy	26. mars

100 % frammøte i mars:

Frammøteprosent i mars: 63,6 %

---

---

**Glem aldri hvor mye lys du sprer..**

Glem aldri hvor mye lys du sprer...

Hvor mye støtte du gir...

Hvor mange smil du henter fram

og hvor mange hjerter du varmer...

Ved å være akkurat som du er!!!

---

## 2. Mars

Medlemmane i Hareid Rotary blei møtte av styreleiar for Ishavsmuseet Willy Nasset og daglig leiar Webjørn Landmark.

Forsamlinga samla seg på dekket til M/S Aarvak, der både styreleiaren og daglig leiar fortalde litt om skuta, overbygget og planar for museet.

Arbeidet med vernebygget gjekk mot slutten, og sjølv om arbeidet var ein del forseinka lovde styreleiaren flott opningsfest i mai månad.

Det blei også visst til det fine dugnadsarbeidet som var utført i innreidninga på skuta gjennom vinteren, og arbeid som står for tur.

M/S Aarvak er bygd i 1912 av Kristian Dekke i Bergen, men har vore ombygd ei rekke gongar. Siste året skuta var på selfangst var i 1981, same året som skuta kom til Ishavsmuseet i Brandal.

Hareid Rotary er svært glade for vernebygget over skuta, som gjer at denne kulturarven blir skikkelig teken vare på.

## 9. Mars

*Kva er og kva vil Rotary? Per Arne Gjerdsbakk*

Per Arne Gjerdsbakk har vore medlem i Rotary sidan 1996 og er i dag er assisterande guvernør for vårt distrikt. Han heldt eit svært lærerikt foredrag om "Kva er og kva vil Rotary?". Han starta med litt historikk, kva Rotary globalt består av i dag, kodeks, motto, geografisk spreining, antal medlemmer (1,2 mill). Han ga ei orientering om Rotary i Norden, Noreg og vårt distrikt.

Mykje av tida brukte han på å fortelje om Rotary Foundation og andre Rotary fond som er viktige virkemiddel i Rotary's arbeid verda over: humanitære fond, utdanningsfond og stipend. Han fortalde om ulike program pengane går til, t.d. Poliofondet som tek sikte på å utrydde polio.

Gjerdsbakk ga ei oversikt over utvikling av bidrag frå vårt distrikt. Hareid er på andre plass når det gjeld bidrag og utmerkar seg dermed i distriktet!

## 16. Mars

*Utvexlingsstudent på Hareid 2009, Patrick Jenkinson*

Patrick Jenkinson kjem frå Australia og bor i Raymond Terrace ei bygd nær byen Newcastle. Dette er på austkysten, 118 km nord for Sydney. Newcastle har ca 500.000 innbyggjarar, Raymond Terrace ca. 12.000. Newcastle er verdens største hamn for eksport av kol; over 93,000,000 tonn per år.

Patrick viste mange flotte bilde og heldt eit triveleg og underhaldande foredrag. Han fortalde først om heimlandet Australia, om historie, næringsliv, klima, dyreliv, andre attraksjonar og sjølvsgatt om seg sjølv og familien. Patrick har foreldre, to søstre og tre brødre heime i Raymond Terrace.

Det er ingen tvil om at Patrick er ein svært aktiv kar som er interessert i idrett og friluftsliv. Frå Australia viste han bilde og fortalde om idrett og aktivitetar som han tek del i. Sport er svært viktig i Newcastle fortalde han og ramsa opp rugby, ishockey, fotball, cricket, surfing m.m. Sport og tevlingar er tek også mykje av tida til Patrick som sjølv spelar rugby og cricket. I tillegg spelar han gitar. Han vist også bilde frå opphaldet hittil i Noreg der han gjekk på ski.

Patrick synes at opphaldet i Noreg så langt har vore kjempeflott og han føler seg svært velkomen her.

### **23. Mars**

*Offentleg vidaregåande opplæring på Søre Sunnmøre. Margaret Alme.*

Margaret Alme, voksa opp i Brandal, er i dag rektor på Volda Vidaregåande Skule. I sitt svært informative og interessante foredrag fokuserte ho på faglig tilbod, studiekompetanse, budsjett, organisasjon, føreskrifter, utfordringar, byggeprosjekt og satsingsområde med fokus på dei fire vidaregåande skulane på Søre Sunnmøre: Herøy, Ulsteinvik, Ørsta og Volda.

Etter Eiksundsambandet har distriktet fått eit større totaltilbod i "konkurransen" med Ålesund, men bussforbindelsen er svært viktig. Hareid er framleis nærare Ålesund og elevane der vel Ålesund framfor Ørsta eller Volda.

Margaret ga ei beskriving over kvar enkelt skule og nokre av særmerka dei har. Formgiving står sterkt i Ørsta, Ulstein er størst med ca. 600 elevar og høg fokus på studiespesialisering, tidlegare kalla allmennfag. Det har også Volda, men der har dei også eit sterkt miljø for musikk, dans og drama. Faget Media og Kommunikasjon stend også sterkt i Volda og er svært populært.

Volda Vidaregåande Skule har eit budsjett på knappe 40 millionar kroner. Dette er knapt i tider med stigande kostnader. 90% går til lønn. Dermed er det timane ein må spare på for å få budsjettet i hamn.

Forvaltningsoppgåver og krav til dokumentasjon har auka kraftig.

Margaret tok også for seg Kunnskapsløftet med både fordelar og ulemper. Det har t.d. vorte mindre fleksibelt, eller umogleg, å skifte fag dersom ein elev "møter veggen" i tunge teorifag.

### **30. Mars**

*Programfritt*